



Innsendt: 28.03.2025 15:00

Ref.nr: PKLCQT

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn ELISABET VELAND
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202317079	Sakstittel Elektrifisering av Snorre A plattformen i Tampen-området

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Høringsuttale i høve til alternativ 2 - "Sjøkabel til Djupevika/Merkingsneset ved Nesbø i Bremanger kommune". Vår avgrensing i denne høyringsuttalen: Vi har ingen kommentarer eller merknader til alternativ 1, dette er på bakgrunn av at vi ikkje har sett oss inn i dette alternativet. Vi har heller ingen kommentarer til Grov-alternativet som m.a. vart diskutert i folkemøtet i Svelgen, med den same grunngjevinga. Når det gjeld dei tre ulike alternativa for tilkopling på land (gjeld alternativ 2), omtalte som A, B og C i notat frå Multiconsult, er dette også noko vi ikkje problematiserer i dette høringssvaret. Vi avgrensar oss til å kommentera på konsekvensar i området ved Nesbø/Djupevika/Merkingsneset. Og meir generelt, så reknar vi det som sjølvstøtt at "Utredningsprogrammet" vert gjennomført i høve til all problematikk kring naturmangfald, støy, forureining, elektromagnetiske felt, kulturminne osv., og vi tek derfor ikkje opp slike problemstillingar her. Som eigarar av huset i Djupevika (Nesbøvegen 1020) ønskjer vi å trekkja særleg fram tre problemstillingar som alle gjeld vatn: Brønn: Eigedomen vår hentar vanlegvis vatn frå ein brønn som er plassert på oppsida av Nesbøvegen, på den andre sida av

elva/bekken enn der huset ligg. Brønnen er ikkje på vår eigedom, men ut frå kartskissene fryktar vi at eit landfall i Djupevika kan koma i konflikt med brønnen og dermed altså vasstilførsla til eigedomen.

Oppkomme:

Eigedomen vår har ei alternativ vasskjelde som er nede i sjølve Djupevika, på vestsida av elva/bekken. I dialogmøtet mellom Multiconsult og grunneigarar 24.2.25 vart skisse av ulike løysingar lagt fram, og i løysinga lengst mot vest framstår det som at koplingspunktet mellom mellom jordkabel og sjøkabel vil koma i konflikt med dette oppkommet.

Slik mora vår hugsar det, ho vaks opp i huset i Djupevika; så vart dette oppkommet rekna som eit felles oppkomme for heile Nesbøstranda, då dette var kjent som ei trygg og permanent vasskjelde i bygda, også i periodar med tørke. I eit større beredskapsperspektiv er det avgjerande at inngrep ikkje kjem i konflikt med slike naturlege reine og trygge vasskjelder, og vi vil såleis rå til at denne vasskjelda ikkje blir råka av endringar i form av gravearbeid eller liknande.

Avrenningsforhold:

Skogsvegen vart utbetra i samband med bygging av vindparken. Då vart opprinnelege vassvegar forstyrta, noko som medførte oversvømming av kjellaren i huset vårt ved store nedbørsmengder. Det er derfor avgjerande at om det kjem nye inngrep i vegen eller området ikring, må alle slike forhold med avrenning ivaretakast.

Andre element:

I tidlegare nemnde dialogmøte vart eit alternativ der kabelen vert lagt ned i skogsvegen diskutert, og det var relativt god konsensus kring at dette framstår som ei føretrekt løysing i høve til grunneigarar i området. Eit landfall i området ved/på kaia eller endå lenger ut på Merkingsneset vart også trekt fram som eit betre alternativ enn landfall i sjølve Djupevika. Denne vika er ein av få stader / den einaste staden(?) på heile strekket Dyrstad -

Ospenes/Nesbøstranda der det er ei naturleg strand med sand og fine grunnforhold for badeliv og rekreasjon. Det framstår som at landfall i vika vil vera eit inngrep som vil gjera uoppretteleg skade på dette vi ser på som ei unik perle langs fjorden. Sist vil vi ta med at det er lite utbygging av hus i området langs fjorden, og vi ser det som noko uforståeleg at dei skisserte løysingane for kabel er lagt såpass tett inntil dei få bygningane som eksisterer; noko som naturleg nok ikkje er ønskjeleg for verken fastbuande eller andre huseigarar. Vi vil derfor avslutta med at dersom alternativet "Sjøkabel til Djupevika/Merkingsneset ved Nesbø i Bremanger kommune" vert valt, bør det gjerast grundigare vurderingar i høve til det vi her nemner; avstand til eksisterande busetnad, luftkabel vs kabel under bakkenivå og omsynet til Djupevika si særstilling som naturleg strandområde.

På vegne av eigarane av Nesbøvegen 1020,

Elisabet Veland

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder